

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Fylkestinget godkjenner det framlagte rom – og funksjonsprogrammet med følgjande endring:
Studiespesialiserande vert redusert med 1 parallelle, dvs fra 540 elevplasser til 450 elevplasser.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster (A/Sp/KrF/SV) mot 7 røyster (H/Frp/V/MDG) for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2 vart samråystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom – og funksjonsprogrammet med følgjande endring:
Studiespesialiserande vert redusert med 1 parallelle, dvs fra 540 elevplasser til 450 elevplasser.
2. Det er ønskjeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.